

**Notat****Folkehelse 2019 – søknader – vurdering og vedtak:**

Tiltak:	<b>Gratis tilrettelagt trening i skuletida</b>	Søkjær:	<b>GYM STRYN AS</b>		
Innhald:	Barn og unge får lite allsidig treningsmogelegheiter/påverknad. Einsidig trening tyder ofte mange skadar. Allsidig gratis trening kan stimulere til at barn og unge deltek meir og lengre. I alderen 13- 19 år droppar mange ut. Dei kan oppleve god mestring på eitt eller fleire område. Prosjektet vil dele sin kunnskap med offentleg og frivillig sektor. Er i god dialog med skuleverket i Stryn.				
Vurdering:	Eit nyskapande tiltak som kan sikre inkludering og mestring. Andre kommunar kan lære av erfaringane. Prosjektet er forankra i kommunen og har overføringsverdi. Fylkesdirektøren løyver ein avgrensa sum midlar til prosjektet.				
Budsjett:	100 000	Søknadssum:	50 000	Tilråding:	<b>30 000</b>

Tiltak:	<b>Nordfjord skyttarlag</b>	Søkjær:	<b>v/ Per Tore Taklo</b>		
Innhald:	Barn og unge i heile fylket, under 18 år, skal få våpen og skyteopplæring. Motto: «Inkludering – alle som vil skal få delta». Kostnadane med ammunisjon, opplæringsutstyr, samlingar og reisetilskot vert søkt dekkja. Det er særleg ammunisjon som er kostnadskevjangande.				
Vurdering:	Tiltaket legg stor vekt på inkludering og er eit fylkesdekkande tilbod. Det har eit godt omdømme og relativ stor interesse.				
Budsjett:	560 000	Søknadssum:	250 000	Tilråding:	<b>250 000</b>

Tiltak:	<b>Inkluderings- og kulturtiltak for alle i nye Sunnfjord kommune</b>	Søkjær:	<b>Førde kommune</b>		
Innhald:	Kulturtilbod i alle 5 sjukeheimane i nye Sunnfjord, Familielaurdagen i Førdehuset (på tvers av aldersgrenser) skyss, kulturarrangement/andre sosiale møteplassar (matkurs, ete middag saman med andre)				
Vurdering:	Tiltaka har søkjelys på inkludering og sosial utjamning. Dei kan likevel vere prega av ad hoc eller dags-arrangement – bortsett frå kulturtilbod til alle sjukeheimane og tilbod om skyss til ulike arrangement. Det er søkt om høvesvis kr 150 000 og 50 000 til desse. Kulturtilbod på sjukeheimane har tidlegare motteke midlar frå Den kulturelle spaserstokken i 2018. Det er også høve til å søkje nye midlar i 2019. Det er ikkje sett opp eigenandel frå kommunen i budsjettet. Fylkesdirektøren løyver ein avgrensa sum til prosjektet og føreset at det vert dokumentert at kommunale eigenandelar også vert løyvd.				
Budsjett:	420 000	Søknadssum:	420 000	Tilråding:	<b>100 000</b>

Tiltak:	<b>Fallførebyggingskurs for eldre</b>	Søkjær:	<b>Flora kommune</b>
---------	---------------------------------------	---------	----------------------

Innhald:	Fallførebygging blant eldre i Flora og Vågsøy – Kinn kommune. Eindags-kurs for eldre over 70 år.				
Vurdering:	Hoftebrot kan vere fatalt for den enkelte eldre som vert ramma av det. Samfunnet ber også store kostnader ved hoftebrot. Vågsøy kommune ligg over landsnivået i tal hoftebrot, medan Flora no ligg under. Flora har sett i gang konkrete tiltak for målgruppa (førebyggande heimebesøk, styrke- og balansegrupper). Desse tiltaka ser ut til å ha verka og kan overførast til Vågsøy. Dette må vere eit kommunalt ansvar og innsatsen vil innebere meir enn eit dagskurs. Søknaden vert avslått.				
Budsjett:	91 500	Søknadssum:	73 500	Tilråding:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Seniortrening (55 år og eldre)</b>	Søkjar:	<b>SPENST FLORØ AS</b>		
Innhald:	I høve fallførebyggingskurset Flora kommune har søkt om midlar til, ønskjer SPENST å følgje opp med påfølgjande treningskurs for eldre i Florø og Eikefjord. Eldre får både trening og ein sosial møteplass. SPENST tilbyr no trening 4 dagar i veka for aldersgruppa, men ønskjer å utvide tilbodet,				
Vurdering:	Treninga er eit praktisk og konkret tiltak som kan vere til hjelp for å hindre fall/skadar. Slike tilbod må vurderast som eit kommunalt ansvar. Fylkesdirektøren avslår søknaden.				
Budsjett:	71 000	Søknadssum:	61 000	Tilråding:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Barn og unge lærer om ulike kulturar</b>	Søkjar:	<b>ANNAI POOPAHATI Tamilsk kultursenter (Florø) v/ Arasaratnam Koneelan</b>		
Innhald:	Møtestad for barn og unge der dei kan lære om ulike kulturar, musikk og dans – helgeaktivitet eller spesielle aktivitetar/samlingar. Tilbodet har eksistert i Florø i 15 år.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren vurderer at dette er eit lokalt tiltak som har vore i drift i mange år og at det difor er eit kommunalt ansvar å støtte tiltaket. Søknaden vert difor avslått.				
Budsjett:		Søknadssum:		Tilråding:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Trygg bruk av lokale nyttevekstar</b>	Søkjar:	<b>Mari G. Jerstad</b>		
Innhald:	Ein-dags kurs (i Aurland) om trygg bruk av lokale nyttevekstar. Det vert og søkelys på tidlegare bruk av vekstar som urtemedisin med meir.				
Vurdering:	Kurset fell utanfor området folkehelsemidlar er meint å dekke innan eit levekårs- og livskvalitetsperspektiv. Søknaden vert difor avslått.				
Budsjett:	37 016	Søknadssum:	12 600	Tilråding:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Solund rundt</b>	Søkjar:	<b>Solund IL</b>		
Innhald:	Kampanje for å få sommarmosjonistane i aktivitet året rundt – få folk til å nytte trimrommet i vinterhalvåret. Det vert søkt om midlar til tredemølle, annonsering og utgifter til instruksjon ved fysioterapeut.				
Vurdering:	Tiltaket er antakeleg svært treffsikkert når det gjeld behov i kommunen. Men det bør sjåast på som eit kommunalt/lokalt ansvar. Fylkesdirektøren avslår difor søknaden.				
Budsjett:	55 000	Søknadssum:	20 000	Tilråding:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Gratis fellesmåltid i skulen, Styrking av vaksne i oppvekstarenaen og Livsstilsendringkurs for innbyggjarane i kommunen</b>	Søkjar:	<b>Solund kommune</b>		
Innhald:	Søknaden er fordelt i tre prosjekt og er godt forankra i sentraladministrasjonen. Prosjekt 1				

	og 2 skal utførast av oppvekstsektoren og prosjekt 3 av frivilligsentralen. Alle tre prosjekta har folkehelsekoordinator som koordinator. Innhald i prosjekt 2 er at fleire vaksne, i samarbeid, skal imøtekomme utfordringar på oppvekstarenaen. Skulen er ein del av ei nasjonal satsing på inkluderande læringsmiljø og har ein sertifisert leiar i relasjonsbygging. Det er ønske om å nytte denne ressursen for å møte behovet og samarbeide på tvers for betra tiltak og gode resultat i heile oppvekstmiljøet – offentleg og frivillig sektor. Prosjektet er spennande og kan gje godt læringsutbytte til andre kommunar				
Vurdering:	Prosjektet er heilskapleg, innovativt, spennande og kan vere av god læringsverdi til andre kommunar. Det går også inn i programfylke-tenkinga. Det er godt forankra i kommunen. Fylkesdirektøren løyver midlar til prosjektet.				
Budsjett:	148 000	Søknadssum:	49 300	Tilråding:	<b>40 000</b>

Tiltak:	<b>Sommarcamp ved kysten</b>	Søklar:	<b>Ytre Sogn Turlag v/ Elin Gjervoll</b>		
Innhald:	Prosjektet vil tilby sommarcamp ved kysten for elevar i 6. – 10. klasse over tre dagar. Det skal vere tilbod om kajakk- og klatrekurs. Elevar frå fleire kommunar vert inviterte til å delta.				
Vurdering:	Tiltaket kan vurderast som godt når det gjeld å oppleve meistring og inkludering. Fylkesdirektøren vurderer søknaden som eit lokalt tiltak. Fylkeskommunen støttar Sogn og Fjordane turlag sin aktivitet som prosjektet kan sjåast innanfor. Prosjektet er vurdert til ikkje å falle innanfor ordninga folkehelsemidlar Dette på bakgrunn av at dette er eit enkelttiltak av kort varigheit. Fylkesdirektøren avslår difor søknaden.				
Budsjett:	117 200	Søknadssum:	60 200	Tilråding:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Vidareutvikling av «Møteplassen»</b>	Søklar:	<b>Sogndal kommune</b>		
Innhald:	Møteplassen er eit sosialt lågterskeltilbod som starta i Sogndal i 2019. Tilbodet gjeld også personar frå omkringliggande kommunar. Utforma som kafé som er open annan kvar tysdag (18-20). Det er ønske om å utvikle tilbodet med skiturar/skidag, transport, nytte Lustrabadet, bowling i Førde, helgetur til Voss. Og arrangere kursdagar i matlaging, foto, handarbeid, arbeidsretta kurs og søknadskurs. Tilbodet er i regi av Frisklivsentralen Sogn, Sogndal Røde Kors og Heimetenestene sone Sogndal.				
Vurdering:	Godt, heilskapleg initiativ, men vert i hovudsak vurdert til å vere eit kommunalt frisklivsansvar. Tiltaka som skal sikre inkludering, transport og varierte tilbod – der eitt eller fleire burde fange interesse hos dei fleste - er sær positive initiativ. På bakgrunn av dette løyver fylkesdirektøren eit avgrensa tilskot til tiltaket.				
Budsjett:	2 091 000	Søknadssum:	705 000	Tilråding:	<b>100 000</b>

Tiltak:	<b>Rusførebyggjande arbeid og fysisk aktivitet – Sogndal VGS</b>	Søklar:	<b>Sogndal kommune v/ Frisklivsentralen</b>		
Innhald:	Søker tilskot tol 0,2 årsverk ved frisklivsentralen for å vidareutvikle samordning og samhandling når det gjeld rusførebygging og fysisk aktivitet for elevar ved Sogndal VGS. Det har tidlegare vore arrangert BraMat kurs				
Vurdering:	Utgifter til løn for ei slik stilling bør dekkast av kommunen. Folkehelsemidlar vert ikkje nytta til løn. Fylkesdirektøren avslår difor søknaden.				
Budsjett:	?	Søknadssum:	279 526	Tilråding:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>50% forskarstilling – 3 år Active Learning Preschool(er)s</b>	Søklar:	<b>Høgskulen på Vestlandet v/ Eivind Aadland</b>		
Innhald:	Tilskot til forskingsprosjektet Active Learning Norwegian Pre school(er)s (ACTNOW) Storskala forskings- og utviklingsprosjekt knytt til kompetanseutvikling for fremjing av				

	fysisk aktivitet i barnehagen. Mål: Å utvikle ein god modell for fysisk aktivitet i barnehagen og undersøke effekten av fysisk aktivitet på barns generelle utvikling, læring og helse. Prosjektet er innretta mot både kort og lang sikt. Det er ønskje om at Sogn og Fjordane skal bli det nasjonale kompetansesenteret på fysisk aktivitet i barnehage og skule og levere tenester til resten av landet på dette området.				
Vurdering:	Innretninga på prosjektet kan verke avgrensa i tenking når det gjeld prosjektbeskrivinga og tiltak, der fysisk aktivitet vert tillagt stor vekt. Det er svært mange faktorar som verkar inn på barns generelle utvikling, læring og helse. Resultat av det tidlegare, svært like ASK prosjektet ved HVL, viste også at ein ikkje fann samanheng mellom fysisk aktivitet og læring/evne til å løyse oppgåver. Søknaden gjeld for tre år. Vi er då inne i Vestland med ev. nye prioriteringar og rapporteringskrav, som også gjer han vanskeleg å støtte. Fylkesdirektøren vurderer at prosjektet si innretning fell utanfor folkehelseperspektivet slik det er skildra som eit levekår og livskvalitetsperspektiv. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.				
Budsjett:	19 898 000	Søknadssum:	1 714 000	Tilråding:	0

Tiltak:	<b>Aktiv fritid for alle barn</b>	Søklar:	<b>Nye Kinn kommune</b>		
Innhald:	Målet er å ha tilbod til alle barn og unge i nye Kinn kommune når det gjeld deltaking i fritidsaktivitetar - ulike kulturformer og idrett. Prosjektet er lagt opp i høve tverrfagleg samarbeid (kommunen, NAV, KF innvandrarsenteret, helsestasjon/barnevern, skule/SFO og barnehage. I all hovudsak har prosjektet søkelys på idrett: 1. felles trenarkurs for idretten i Kinn kommune. 2. felles inspirasjonssamling «korleis få fleire barn og unge til å delta meir aktivt lenger». Blimed-metoden skal nyttast.				
Vurdering:	Dei ulike kulturformene, innleiingsvis i søknaden, er tona ned og søkelys er på idrett og trenarar. Initiativet har eit godt utgangspunkt når det gjeld inkludering, samarbeid og mål. Men ville vore vesentleg styrka ved å kunne femne om andre tilbod enn deltaking i ulike idrettsaktivitetar (det er heller ikkje gjort greie for kva type idrettsaktivitetar). Fylkesdirektøren vurderer at felles trenarkurs og felles inspirasjonssamling som gjeld inkludering i idretten fell inn under folkehelseperspektivet.				
Budsjett:	200 000	Søknadssum:	200 000	Tilråding:	50 000

Tiltak:	<b>Friluftsfestival for heile familien, 2.-7. juli 2019</b>	Søklar:	<b>NorMisjon</b>		
Innhald:	Små og store skal få næring i trua, fellesskap med nye vener og variert bruk av fjord og fjell. Ulike aktivitetar som skal verke inkluderande i ei kristen ramme. Stad: Vereide i Gløppen/Nordfjord folkehøgskule.				
Vurdering:	Tiltaket legg vekt på mestring og inkludering – alle aldersgrupper kan delta for gode fellesskapsopplevingar. Det er lagt opp til at familiar frå heile landet kan delta. Slike festivalar finst ikkje i vårt nærrområde og kan potensielt skape god omtale om vårt område. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket som delvis samanfalle med folkehelseperspektivet, deltaking og mestring. Det er likevel ein festival utan varig deltaking eller oppfølging. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.				
Budsjett:	264 900	Søknadssum:	34 900	Tilråding:	0

Tiltak:	<b>Gøyanger</b>	Søklar:	<b>OnCue Music Productions AS/ Kristin Sandal</b>
Innhald:	Den frivillige organisasjonen Gøyanger har i ni år arrangert ein årleg sommarfestival med same namn i Høyanger sentrum. I 2018 vart det bestemt at organisasjonen ikkje ynskjer å arrangere i 2019. For å få i gong arbeidet med nytt arrangement, har Høyanger Næringsutvikling engasjert OnCue Music Productions AS til å jobbe med dette i ein periode. Gjennom prosjektet skal ein jobbe konkret med å få på plass eit arrangement i		

	<p>juni måned. Her skal ein involvere alle aktørar i Høyanger; Næringsliv, lag og organisasjonar, privatpersonar og Høyanger kommune. Det skal skapast aktivitet som når alle målgrupper.</p> <p>OnCue Music Productions AS er ikkje den som skal arrangere all aktivitet, men vere ein aktiv part for å knyte saman alle aktørane. Ein skal parallelt med dette finne ein modell for vidare drift og utvikle nye arrangement.</p> <p>Trappeløpet er kjernen i arrangementet og skal gå av stabelen laurdag ettermiddag. Trappeløpet såg dagens lys for 26 år sidan. I sentrum av Høyanger vil ein også lage aktivitetar som fremjar fysisk aktivitet, der meistring og glede stå i fokus, framfor resultat. Søndag ettermiddag vert det tur til den nye dagsturhytta på Synken. Dette er ein lågterskel tur for folk flest, med aktivitetar og underholdning undervegs og ved hytta. Forfattarbesøk med høgtlesing, grilling, vaffelsteiking, muskarar som opptre langs ruta og natursti er noko av det ein jobbar med. Arrangørane jobbar også med å få på plass ein liten konsert ved hytta med ein av våre kjære fylkesartistar.</p>					
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>I festivalstrategien til fylkeskommunen blir det slått fast at arrangementet må gå over fleire dagar. Vidare skal festivalane ha ein regional funksjon for å få støtte. Gøyanger er ikkje å rekne som ein regional festival. Så langt fylkesdirektøren kan vurdere utifrå søknaden har festivalen eit føremål som går ut over det ein tradisjonelt vurderer som kunst- og kulturformidling. Kulturmidlar vert gitt til festivalar som har kultur som hovudføremål. På bakgrunn av går fylkesdirektøren ikkje inn for å løyve kulturmidlar til søknaden.</p> <p>Søknaden er vurdert i eit folkehelseperspektiv, men er vurdert til å ikkje falle inn under innretninga på folkehelsemidlar. Dette fordi tiltaket er kortvarig aktivitet og innhaldet i tiltaket ikkje stettar tenkinga innan levekår og livskvalitetsarbeid. Fylkesdirektøren avslår difor søknaden.</p>					
Budsjett:	<table border="1"> <tr> <td>402 000</td> <td>Søknadssum:</td> <td>30 000</td> <td>Tilråding:</td> <td><b>0</b></td> </tr> </table>	402 000	Søknadssum:	30 000	Tilråding:	<b>0</b>
402 000	Søknadssum:	30 000	Tilråding:	<b>0</b>		

Tiltak:	<b>Aktiv i HAFS</b>	Søkjar:	<b>Fjaler kommune</b>
Innhald:	<p>Aktiv i HAFS er eit interkommunalt samarbeid mellom Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Solund og Gulen. Bakgrunn for prosjektet er at det gjennom ulike prosessar i kommunane har komme fram at ei av hovudutfordringane for deltaking i fritidsaktivitetar er mangel på informasjon og tilgjengelegheit.</p> <p>Prosjektet har to føremål:          Utvikle ei digital inter-kommunal oversikt over alt av fritidsaktivitetar i HAFS-regionen, med spesielt fokus på ei anvendeleg og tilgjengeleg løysing, og undersøke korleis ein kan innføre ei digital løysing på fritidskortet som regjeringa vil etablere i alle kommunar.</p> <p>Gjennom prosjektet vil ein undersøkje to tiltak som er sett i verk andre stader i landet. Fritid123.no er utvikla i Modum kommune i samarbeid med nabokommunane Sigdal og Krødsherad og er ei digital oversikt over alt av organiserte fritidsaktivitetar i desse tre kommunane. Denne nettsida har fått mykje nasjonal, og internasjonal, merksemd på grunn av dei gode løysingane for å gjere informasjon om aktivitetstilbodet for born og unge,</p>		

	<p>inkludert dei som ikkje har norsk som morsmål. Eit universelt og desentralisert tiltak som bidrar til å skape nye moglegheiter gjennom å gi oversikt over det faktiske mangfaldet av aktivitetar til alle. Fritid123.no jobbar no med å lage ein rapport på arbeidet dei har gjort, samt å gjere løysingane deira tilgjengelige for at andre kommunar skal kunne implementere dei lokalt.</p> <p>AiA er ein app som løyser utfordringa med at born og unge med bakgrunn frå familiar med vedvarande låginntekt ikkje får delta i fritidsaktivitetar på lik linje med andre born og unge. Ein ting er at det finnest ordningar som gir dei av born og unge som treng det eit slags opplevingskort eller liknande, men AiA gjer akkurat dette utan at det stigmatiserer mottakaren. Eit universelt og ikkje-stigmatiserande tiltak som bidrar til at alle born og unge for delta på fritidsaktivitetar på lik linje, uavhengig av familien sin sosioøkonomiske situasjon.</p> <p>Prosjektet Aktiv i HAFS vil undersøkje om ein kan adoptere desse løysingane i HAFS-regionen. Ein vil også jobbe for at løysinga ein vel skal kunne brukast i heile Vestland fylke, og i den ånd er det eit føremål og å setje i saman ein manual som kan hjelpe andre kommunar med å implementere liknande digitale løysingar.</p> <p>Målgruppe for prosjektet er alle innbyggjarane i dei 5 HAFS-kommunane som deltek i fritidsaktivitetar, og dei som ikkje har funne seg ein endå. Barn og unge som leitar etter noko å gjere på fritida, tilflyttarar som treng oversikt over tilbodet i regionen, både for seg sjølv og sine born. Til og med lokale som har lyst til å byrje med noko nytt, men ikkje veit kvar dei skal sjå.</p> <p>Det er oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå Solund, Gulen, Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommune. Ein har og byrja arbeidet med å inkludere HAFS-regionråd som ein samarbeidspartnar.</p> <p>Prosjektet skal gjennomførast i perioden august 2019 – sommar 2020. Ein har som mål å lansere løysinga ein vel våren 2020. I løpet av prosjektperioden skal ein både kartlegge og ta stilling til aktuelle digitale løysingar, og samle inn informasjon lokalt som skal inn i løysingane.</p> <p>I tillegg til eigenandel frå kommunane og andre midlar henta frå HAFS-regionen søker ein fylkesmannen i Vestland, sparebankstiftinga Fjaler og sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og støtte. Utgiftene er lønnskostnader, leige av kontor, konsulenttenester, reisekostnader og marknadsføring.</p>
Vurdering:	<p>Prosjektet ligg i grenseland mellom kultur/fritid og levekår og livkvalitet. Fylkesdirektøren har difor vurdert tiltaket i høve begge desse føremåla. Fylkeskommunen gir tilskot til prosjekt og tiltak som har føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller ein større del av fylket. Utviklingsperspektivet, der ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar vert vektlagt ved tildeling. Fylkeskommunen gir også tilskot til prosjekt og tiltak innan levekårs- og livskvalitet/folkehelse/kultur for alle.</p> <p>Aktiv i HAFS er eit prosjekt med må å utvikle nye løysingar. Prosjektet er interkommunalt og har alle innbyggjarar i kommunane som er med i prosjektet som målgruppe. Barn og unge er likevel ei stor og viktig målgruppe for prosjektet. Prosjektet har også eit klart mål om å legge til rette for betre inkludering i aktivitetane som skjer i kommunen er utjamning av sosiale skilnader er eit viktig element. Ein har mål om å utarbeide system som også kan vere aktuelle for eit større geografisk område.</p> <p>Prosjektet ligg i skjæringspunktet mellom kultur og folkehelse, har eit klart inkluderingsperspektiv, og er relevant i høve føringane i regional plan for kultur sine satsingsområde <i>tidleg engasjement</i> og <i>mangfald og fellesskap</i>. Fylkesdirektøren vurderer at det vil vere interessant å få testa ut dette tiltaket i vårt område, og prosjektet vil ha overføringsverdi til andre deler av fylket/Vestland. Fylkesdirektøren støttar tiltaket, og vil</p>

	be om å få følge prosjektarbeidet som observatør.				
Budsjett:	1 850 000	Søknadssum:	200 000	Tilråding:	<b>200 000</b>